

Effektiv transport på Festidalen.

11.08.2016



Med så mykje folk samla er det viktig med god transportordning ved arrangementsslutt om natta.

TIDE buss v/ dagleg leiar i Kvinnherad, Atle Jarle Bauge, er godt nøgd med transportordninga på Festidalen. Det var rett nok litt vanskar med tilkøyring og opplasting på fredagen. Laurdagen fungerte optimalt. Heile 800 personar vart lasta og skyssa ut av område på vel ein halv time.

Einvegskøyring rundt dalen og vanskeleg snuing ved Gravene gjer at transporten kan vera vanskeleg. Fredag natt fekk ein motgåande trafikk på smale vegar. Det medførte rygging og forseinking.

Laurdag natt var tilkøyringa langt betre. Heile 11 bussar var i transport på strekninga Odda - Halsnøy - Utåker. Med god hjelp av vakselskapet, politiet og frivillige vakter vart festivalgjestene slusa inn mot rett buss. Bauge frå TIDE buss er godt nøgd. Alt kan gjerast betre, og ein vil samtale med festivalleiinga om transporten til neste år.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Festidalen/Stig Framnes